

## Velkomen som konfirmant i Skjold, Vats og Vikebygd!



### Ei viktig tid - eit viktig val

Konfirmanttida er ei tid for å tenkja nye tankar og få nye opplevingar. I konfirmanttida er det tid og rom for å undra seg og stilla spørsmål. Det er og ei tid for å læra meir om Gud, om seg sjølv og om den kristne trua.

Velkommen som konfirmant i kyrkjene i Skjold, Vats og Vikebygd! Me gler oss til å bli kjent med deg!

## Velkommen til informasjonsmøte med innskriving som konfirmant i Skjold kyrkje tysdag 10.juni kl. 17.30

Møtet er for deg og dine føresette, er felles for Skjold, Vats og Vikebygd og vil gje deg som ny konfirmant ein smakebit på kva du har i vente og litt meir informasjon om konfirmanttida. Fyll ut vedlagte innmeldingsskjema og ta med på møtet. Er du døypt i eit anna kyrkjesamfunn enn Den norske kyrkja kan du ta med kopi av dåpsattest, eller sende denne til oss seinare.

### Spønd.

Me bruker appen SPOND for informasjon og kommunikasjon gjennom konfirmantåret. Meir informasjon om dette blir gitt på møtet 10.juni. Spør gjerne om å bli medlem i gruppa allereie nå. Koden er ZMPBR.

### Ei konfirmanttid for alle

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom det trengs individuell tilrettelegging så sei frå til oss så snart som mogeleg, anten på skjemaet eller på telefon/e-post. For at me skal kunna finna dei beste løysingane for deg er det viktig at me får beskjed i god tid.

### Er du ikkje døypt?

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er likevel ein føresetnad for å delta i sjølve konfirmasjonsgudstenesta. Det er vanleg at konfirmantar blir døypte i løpet av konfirmanttida i Vindafjord. Me legg til rette for ei dåpshandling slik de ønskjer, anten det er i ei vanleg gudsteneste eller som ein eigen seremoni. Om du høyrer til eit anna kyrkjesamfunn enn Den Norske Kyrkja kan du og ta del i konfirmantopplegget hos oss.

### Konfirmasjonsdatoar våren 2026

Skjold kyrkje laurdag 25.april, Vats kyrkje laurdag 2.mai og Vikebygd kyrkje søndag 3.mai.  
Nærare informasjon om klokkeslett blir gitt på møtet 10.juni.

# KONFIRMANTAN 2026

## Konfirmantopplegget

Me ønskjer å gi eit godt tilbod med variert undervisning og aktivitetar. Dei fleste samlingane vil vera i Skjold kyrkje rett etter skuletid. Då startar me med mat før me har ulike tema. I tillegg til undervisning er det og grupper med ulike aktivitetar. Det blir nokre fellessamlingar med alle konfirmantane i Vindafjord, og ei samling der også konfirmantane frå Etne er med. Konfirmantåret inneheld deltaking på 8 gudstenester, inkludert sjølve konfirmasjonen. Deltaking på gudstenester blir hovudsakleg i eigen kyrkjelyd.

Her ser de eit foreløpig utkast til datoar og timefordeling.

<b>Lokale samlingar</b> (Inkluderer m.a. undervisningssamlingar, 8 gudstenester, fasteaksjon, konfirmantfest)	30-32 timar
<b>Grupper</b> Me prøver å få til desse: 1 Kjekk og grei                      2 Friluft 3 Film                                      4 Ungdomsklubb 5 Kunst                                      6 Dans og drama (meir info og val av grupper ved oppstart i august)	8-10 timar
<b>Leir-laurdag</b> på Brandøy saman med alle Vindafjordkonfirmantane <b>30.august 2025</b>	8-10 timar
<b>Konfirmantfestival</b> i Norheim kyrkje <b>laur 7/2 el søn 8/2 2026</b> (Konfirmantar frå Haugalandet og Sunnhordland)	6-8 timar
<b>Show med meining «Sunt og sant?»</b> med illusjonist og tryllekunstnar Ruben Gazki, felles Vindafjord og Etne (dato ikkje klar)	2,5 timar
Pris: <u>ca kr.1300 -1400</u> (blir endeleg bestemt i løpet av juni når me får oversikt over utgiftene)	Det er mogeleg å søkja fritak/reduert eigenbetaling for konfirmantavgifta, sjå eigen artikkel på nettsida <a href="http://www.vindafjord.kyrkjer.no">www.vindafjord.kyrkjer.no</a>

Sjå også nettsidene [www.konfirmant.no](http://www.konfirmant.no) for meir generell informasjon om konfirmasjonstida + nokre filmsnuttar på TikTok (#konfirmantene)

Lurer du på noko så ta kontakt.

Med helsing og vel møtt til konfirmantundervisning!



Helsing Kyrkjelydspedagog Ester L. Åsheim og Sokneprest Elisabeth Fauskanger

Mob 99270811

e-post [elisabeth.fauskanger@vindafjord.kommune.no](mailto:elisabeth.fauskanger@vindafjord.kommune.no)

